

Kommuneplan - Samfunnsdel 2023-2035

Planprogram

1. Kvifor ny samfunnsdel?

Den gjeldande kommuneplanens samfunnsdel for Vaksdal kommune ble vedtatt i 2017. Gjeldande plan har mange styrker, og har på mange måtar fungert godt som eit lokalpolitisk styringsverktøy. Samstundes har det skjedd endringar både lokalt, i storsamfunnet og i overordna føringar og rammevilkår, noko som gjev behov for å oppdatere samfunnsplanen som eit verktøy for styring av utviklinga i Vaksdal.

Samfunnet er stadig i endring og vi blir sterkt påverka av globale utviklingar. Blant anna har koronapandemien og krigen i Ukraina vist oss kor raskt endringar påverkar liva våre, både på samfunnsnivå og på individnivå. I ei tid kor samfunnet og rammevilkår endrast stadig raskare, kjem behovet for å tilpasse planlegginga til ny kunnskap og nye føringar for utviklinga av Vaksdal-samfunnet. Mellom anna gjev FNs berekraftsmål viktige premiss for berekraftig samfunnsutvikling i alle norske kommunar, noko som ikkje er synleggjort i gjeldande samfunnsdel.

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunane sin viktigaste, strategiske plan, som skal hjelpe oss med å møte framtidige utfordringar. Planen skal både gje langsiktig retning for utvikling av Vaksdal, og definere kva satsingsområde kommunestyret ønskjer å prioritere på kortare sikt. Satsingsområda skal følgjast opp i økonomiplanarbeidet og ligge til grunn for vurdering av behov for nye eller endra strategiar og temaplanar.

1.1. FNs berekraftsmål som gjennomgåande premiss for kommuneplanens samfunnsdel

2030-agendaen for berekraftig utvikling legg til grunn 17 utviklingsmål for å fremje sosial, klima- og miljømessig og økonomisk berekraft. Måla er verda si felles arbeidsplan, blant anna for å sikre sosial rettferd og helse, og stoppe klimaendringar og tap av naturmangfald.



Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Norge. For å kunne løyse utfordringane globalt, veit vi at vi må handle lokalt. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir eit gjennomgåande premiss for kommuneplanens samfunnsdel. Berekraftsmåla byggjer på tre dimensjonar som må sjåast i samanheng, og der alle berekraftsmåla er viktige for å oppnå ei berekraftig utvikling.

- **Klima- og miljømessig berekraft** handlar om å utvikle samfunnet innanfor tålegrensene til planeten vår, og redusere tapet av biologisk mangfald. Klimaendringane må reduserast og samtidig må samfunnet tilpasse seg konsekvensane av endringane som allereie går føre seg.
- **Sosial berekraft** handlar om å sikre innbyggjarane like moglegeheter til å delta i samfunnet, å investere i gode oppvekst- og levekår, helse, utdanning, likestilling, inkludering og mangfald. Samhaldet i samfunnet, tillit, demokrati og opplevd tilhøyrssle er avgjerande for berekraftig utvikling.
- **Økonomisk berekraft** handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelastning, i tillegg til rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling føreset at det vert skapt verdiar i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.

I arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel skal det avklarast kva berekraftsmål Vaksdal i særleg grad har behov for å følgja opp. Desse skal vere gjennomgåande både i samfunnsplanen og i oppfølginga i planen.

1.2. Planprogrammet

Etter plan- og bygningslovens §4-1 og §11-13 skal det utarbeidast planprogram for kommuneplanar. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltararar, opplegget for medverknad og kva som vil bli vurdert i planprosessen. Forslag til planprogram sendast på høyring og offentleg ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet skal fastsettast av planmyndigheta, som i Vaksdal kommune er Formannskapet.

1.3. Visjon for Vaksdal

Vaksdal sin visjon er «*bynært bygdeliv*». Vaksdal kommune er kjenneteikna av nærliek, samhald og omsorg. Det er eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfold, landskap, kultur, historie og næringsliv er viktige berebjelkar i lokalsamfunnet. Å vere bynær er ein viktig føremon for utvikling av kommunen. Vaksdal nyttar nærliggande sentrum, særleg Voss og Bergen, til mange service- og tenestefunksjonar, og har såleis eit nært forhald til begge desse stadene. Å ta vare på og utvikle det gode med bygda, og samstundes nytte seg av dei mogelegheitene nærliek til byane gjev, er ein viktig føremon i all utvikling i Vaksdal framover. For Vaksdal kommune handlar det om «*bynært bygdeliv*».

Dei overordna verdiane for Vaksdal er uttrykt som:

Nyskapande- *Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.*

Open- *Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet*

Samhald- Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle

Sjølv om visjonen og verdiane for den gjeldande samfunnsdelen er langsigtinge, kan det vere behov for å diskutere og eventuelt endre visjonen og dei overordna verdiane. I planprosessen til den nye samfunnsdelen må vi ta stilling til om desse skal vidareførast eller ikkje. Å einast om ein overordna visjon i kommuneplanens samfunnsdel, vil kunne gjere det enklare å meisle ut satsingsområda i samfunnsdelen. Delmål og strategiar i gjeldande plan er strukturert etter verdiane, og desse skal også vurderast gjennom planprosessen.

1.4. Gjeldande kommuneplan

Gjeldande kommuneplanens samfunnsdel har konkrete mål og strategiar, og det er valt ut tre område det skal satsast vidare på. Satsingsområda er knytt til kommunen sine overordna verdiar, som vist over. Dette har vore ei styrke for samfunnsdelen som styringsverktøy. At den er kortfatta og oversiktlege er også ein fordel.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i førre Kommunestyreperiode, og ikkje like godt forankra i det sittande kommunestyret. Både politikare og administrasjon kunne vore endå meir kjend med planen og arbeidsmetodane for å gjere kommunen kjend med satsingsområdane kunne vore meir utvikla. Styrkane frå gjeldande plan vil vi ta med oss vidare inn i planarbeidet, og vi vil ha særleg fokus på utfordringane knytt til forankring. Ein god plan startar med ein god planprosess, og tilrettelegging for ein samskapande planprosess mellom politikk og administrasjon, i tillegg til samspel med innbyggjarane, vil vere viktige premiss for det vidare planarbeidet.

1.5. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling. Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for planlegginga i fylkeskommunane og kommunane, og for medverknad frå statlege myndigheter. I dei gjeldande nasjonale forventningane la førre regjering vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit berekraftig lokalsamfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Å handtera desse utfordringane er sentrale oppgåver for regionale og lokale myndigheter. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av størrelse og kompetanse. Planlegging er eit av dei viktigaste verktøya for å handtere desse gjennomgripande utfordringane.

1.6. Regional planstrategi- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Utviklingsplan for Vestland peiker på utfordringar for regionen og for Vestland fylke. Planen sett ei strategisk retning for utviklinga i fylket for perioden 2020-2024. Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Alle berekraftsmål er like viktige, og for å oppnå den langsigchte visjonen må vi ha framgang på alle saman. På kort sikt må vi prioritere innsatsen der utfordringane og mogleheitene er størst. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket:

Fire hovudmål for utviklinga:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Desse måla skal leggast til grunn og følgast opp i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel for Vaksdal.

2. Viktige områder for samfunnsutviklinga i Vaksdal

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til korleis Vaksdal skal utviklast vidare og kva satsingsområde kommunen skal ha dei neste åra. Satsingsområda skal leggje til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling, og ta omsyn til både sosial, klima- og miljømessig og økonomisk berekraft på kort og lang sikt.

Som utgangspunkt for politisk debatt om satsingsområda i kommunen og medverknad og samspel med befolkninga, vil vi nytte kunnskapsgrunnlag kommunen har samla inn og opparbeidd. Dette er blant anna statistikk og framskrivingar, folkehelseoversikt, gjennomførte medverknadsprosesser som barnetråkk, oppsummering frå gruppearbeid og politiske diskusjonar, planstrategi, økonomiplan og andre planar som er utarbeidd dei siste åra. Dette dannar til saman eit utfordringsbilete, og under kjem ei kortfatta situasjonsskildring av viktige utviklingstrekk for Vaksdals-samfunnet.

2.1. Demografi og folketal



Utviklingstrekk

Dei siste ti årene har det vore nedgang i folketetalet i Vaksdal kommune, og per 01.01.2020 er kjønnsbalansen tilnærma lik. Pr 01.01.2020 har kommunen fyrste gong på mange tiår under 4000 innbyggjarar. 2. kvartal 2022 var innbyggartalet på 3873.

Det har vore større endringar når ein ser på fordeling av aldersgruppene for årene 2000 til 2020. Det har vore reduksjonar både ei talet på

born/unge og 67 år og eldre. På 2000-talet opplevde kommunen først ei tidleg eldrebølge med topp i 2007, før talet sank igjen. Ut over i det siste tiåret har nedgangen av eldre flata ut. Det er venta fleire eldre i åra som kjem, noko som førar til utfordringar knytt til kompetanse, aldersvennlege lokalsamfunn, økonomi, offentlege utgifter og bustadbygging. Prognosane frå SSB seier at tal personar 67+ vil stige til 857 innan 2024 og 924 innan 2030. Etter 2030 vil talet auke kraftig. Folketalet totalt visar ein nedgang i dei same åra.

Folketalet forventast å vere relativt stabilt med svak nedgang frem mot 2035. Det er likevel moglegheit for auking i folketal, bl.a. pga. utbygging av Bergen-øst og utbygging av ny E16 og Vossebanen. Utfordringar for å kunne få til ei auking i folketal er bland anna sentralitet. Sentraliseringa er og venta at skal auke, og fleire og fleire velgje å busette seg i byar og tettstader. Tala på barnefødslar er rekordlåge, det er større fråflytting enn før og innvandringa går kraftig ned. Planstrategi for Vaksdal kommune 2020-2024 seier at folketalsauke er ei hovudmålsetting for kommunen som skal ligga til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling fram mot 2040. Dette blir eit viktig fokusområde i samfunnsdelen.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnsdelen:

- Folkevekst
- Bustadutvikling
- Næringsutvikling
- Ei aldrande befolkning
- Samarbeid i regionen

2.2. Attraktivitet og busetjing



Utviklingstrekk

Urbanisering og sentralisering er sterke trendar som nok ikkje vil avta i åra som kjem. Byar og tettstader veks, og færre og færre bur i distrikta.

Samstundes kan ikkje dei store byane ta all befolkningsvekst, så områda rundt store byar må ta mykje av ein potensiell vekst. Infrastrukturutviklinga knytt til Vossebanen og E16 vil spele ei avgjerande rolle for om Vaksdal kommune vil ta ein større del av befolkningsveksten i Bergensregionen, på lengre sikt. Dette vil nok særleg gjelde stasjonsbyane i kommunen.

Uavhengig av samferdsleprosjektet Vossebanen og E16, vil det skje endringar i bustadbehov i kommunen. Mykje tilseier at potensiell befolkningsvekst vil komme i sentrale strøk av kommunen, og det vil kunne skje ei endring i bustadpreferansar, frå einebustad til leilegheit. Den demografiske utviklinga med ei aldrande befolkning gjev eit behov for sentrale leilegheiter.


Like viktig som å arbeide målretta for å tiltrekke oss nye innbyggjarar, er det å halde på dei innbyggjarane vi allereie har, og sørge for at innbyggjarane har moglegheiter til å leve gode liv i kommunen. Gode lokalmiljø er svært viktig for folk sine kvarlagsliv, og også for vår attraktivitet som bustadkommune. Kva som definerer eit godt lokalmiljø er samansett, men sosiale møteplassar, stadeigne kvalitetar, tilgang på viktige funksjonar og varierte bustadtypar er sentrale element. I tillegg spelar det frivillige organisasjonslivet ei avgjerande rolle i det å gje Vaksdal gode lokalmiljø. Vaksdal er rik på naturmangfald og friluftslivskvalitetar, noko som er viktige

ressursar for opplevingar, rekreasjon og attraktivitet. Dette må byggast vidare på og utviklast, på berekraftig vis.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnsdelen:

- Kultur- og fritidstilbod
- Friluftsliv
- Berekraftig reisemålsutvikling
- Samferdsle
- Forsterke senterstruktur
- Fortetting og ulike bustadtypar
- Næringsutvikling og arbeidsplassar
- Kompetanse og ressursar til innovasjon og utvikling

2.3. Levekår og folkehelse



Folkehelseprofil for Vaksdal i 2020 peikar på at folk trivst i kommunen. Barn har høg trivsel i skulen, folk er nøgd med trygge nærmiljø og god luftkvalitet, det er høg valdeltaking og lågare del med psykiske lidingar enn i landet elles. Resultata frå Ungdata og Ungdata junior-undersøkingane for 2021 viser at barn og unge trivst godt, men oppvekstprofilen for Vaksdal 2022 visar at andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt er høgare enn landet som heilskap. Andelen barn og unge som bur trongt er høgare enn landsnivået og andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring er lågare enn landet som heilskap. Andelen ungdomsskule-elevar som er fornøgd med helsa er ikkje signifikant forskjelleg frå landsnivået.

Ungdomsrådet i Vaksdal trekk frem at det også er utfordringar. Dei vil prioritere å jobbe vidare med å betre kulturtilbodet i kommunen, synleggjere aktivitetstilbodet og styrke arbeidet med psykisk helse.

Vaksdal skal vere ein kommune og eit samfunn der det er mogleg å vere aktiv og deltakande, og som er tilrettelagt slik at det fremjar meistring. Fokuset på «Tidleg innsats» handlar også om å fremje meistring og å hindre utanforskap. For å skape eit miljø der flest mogeleg deltek og er aktive, treng ein eit sterkt sivilsamfunn. Frivillig arbeid engasjerer og er viktig for fellesskap og utvikling. Pårørande og andre frivillige gjer ein stor og viktig innsats i dette arbeidet, men det er likevel stort potensiale for å samarbeida betre.

Aldersvenleg samfunn er sett på dagsordenen både nasjonalt og internasjonalt. Bakgrunnen for dette er at talet eldre vil utgjere ein stor del av befolkninga framover, og ein ønskjer å motvirke aldersdiskriminering og legge til rette for samfunnssdeltaking for denne store og ressurssterke gruppa av befolkninga. Utvikling av aldersvenleg samfunn er knytt tett opp mot arbeidet med FN sine berekraftsmål. Viktige område for utvikling vert universell utforming, uteområde og møteplassar på tvers av generasjonar, transport og bustad. I tillegg må vi arbeide for å oppnå meir samfunnssdeltaking, medverknad og kommunikasjon med involverte partar. Utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn er eit satsingsområde for kommunen, og legg ein til rette for eldre vil ein òg legga til rette for og skapa gode lokalsamfunn for alle.


Kommunen skal planlegge for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. God helse og gode levekår for alle skal gå som ein raud tråd i samfunnssdelen.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnssdelen:

- Aldersvenlege lokalsamfunn
- Universell utforming
- Frivillighet
- Endringar i kultur- og fritidstilbod når det er færre born og unge
- Oppvekstvilkår for barn og unge

- Tidleg innsats og meistring
- Inkludering, integrering og mangfold
- Utdanning
- Utjamning av sosial ulikskap i helse

2.4. Arbeidsmarknad og verdiskaping



Vaksdal er blant den fjerdedelen av kommunane med minst variert næringsstruktur i fylket, men har generelt låg arbeidsledighet. Tal frå SSB viser at Vaksdal i desember 2019 hadde 1,6 prosent arbeidsledige i aldersgruppa 15-74 år.

Vaksdal er ein del av ein større arbeidsmarknad med Bergensregionen, i tillegg til nabokommunen Voss. Til liks med kommunane rundt Bergen har Vaksdal stor utpendling, men også innpendling. Kommunen manglar kvalifisert personell innan helsevesenet og andre kommunale tenester. Rekruttering av kvalifisert kompetanse er ei av dei største utfordringane for Vaksdal framover, og må ha stort fokus i arbeidet framover.

Ei realisering av K5-prosjektet vil også kunne gjøre kommunen til eit sentralt knutepunkt for transport både via jernbane, veg og sjø. K5-prosjektet kan bli svært viktig for Vaksdal kommune både i anleggsfase og etter realisering, men dette er avhengig av at kommunen og lokalt næringsliv klarer å vere i forkant av planlegginga. Vaksdal er også ein kommune med høg kraftproduksjon. Dette i kombinasjon med industribedriftene i Vaksdal og djupvannskai, kan skape spennande moglegheiter innan sirkulærøkonomi.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnsdelen:

- Fleire og meir varierte arbeidsplassar
- Kvalifisert arbeidskraft, særleg innan helsesektoren
- Få næringsaktørar
- Einsidig næringsstruktur - lite variasjon, stort sett handel og industri
- Auke lokal verdiskaping av kraft
- Kompetanse
- Rekruttering
- Teknologi og digitalisering

2.5. Klima, miljø, naturverdiar og omstilling



Utviklingstrekk

Samfunnsplanlegging med fokus på klima, miljø, naturverdiar og omstilling er viktig for å redusera klimagassutslepp. For å nå målet om eit klimanøytralt Noreg i 2050 må ein stor del av reduksjonen av klimagassutslepp kome på lokalt nivå, noko som krev arbeid med kartlegging, tiltak og konkrete målsettingar i overordna planar. Naturområde er ein ikkje-fornybar ressurs og i ei berekraftig utvikling er det ikkje rom for å forbruke naturareal slik samfunnet gjer i dag. Natur og urørt jordsmonn binder CO₂ og endra arealbruk er den desidert viktigaste

årsaka til tap av naturmangfald. I tillegg vil klimaendringar medføre forandringar i dei attverande økosystema.

Vaksdal si geografiske utforming gjer at kommunen ligg utsett til å verte råka av endringar i klimaet. Meir hyppig og intenst nedbør vil føre til auka fare for skred- og flaumhendingar, og det er viktig at Vaksdal kommune planlegg for å vere best mogleg førebudd. Vaksdal kommune ønskjer eit sterkare fokus på klima, energi, miljøplanlegging og naturmangfald og dette vil inngå som ein sentral del av arbeidet med samfunnsdelen.

Det grøne skiftet betyr omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Overgangen til lågutsleppssamfunnet påverkar alle næringar, og det grøne skiftet gjer moglegheiter for omstilling til fornybare løysningar og energikjelder, og stiller krav til ny og endra kompetanse.

Det grøne skiftet inneber og betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressursane og mindre belastning på miljø og klima. Det heile er ei sosial omstilling som krev at ein gjer strukturelle endringar og endringar i personlege val i kvardagen. Difor er klima og miljømåla ein premiss for samfunnsutviklinga.

Vaksdal kommune må kutte klimagassutsleppa for å minke den globale oppvarminga og minimere effekten av klimaendringar. Med bakgrunn i kunnskapen om kva konsekvensar klimaendringane kan få for kommunen, bør samfunnsdelen skissera alternative strategiar for samfunnsutvikling. Vidare bør det vurderast korleis arbeidet med klimatilpassing skal integrerast i kommunens rolle som organisasjon, for eksempel ved interne og/eller eksterne samarbeidsgrupper som sikrar fleirfagleg og tverrsektorielt samarbeid.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnsdelen:

- Grøn omstilling og kompetanse
- Reduksjon av klimagassutslepp
- Infrastruktur
- Digitale løysingar og moderne teknologi
- Berekraftig arealbruk
- Effektiv, miljøvenleg, framtidsretta og trygt transportsystem

- Fortetting i stasjonsbyane
- Nedbygging av areal



2.6. Samfunnstryggleik og beredskap

Utviklingstrekk

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Utfordringar knytt til endringar i klima og miljø, demografi, folkehelse med meir stiller krav til planlegging og beredskap i kommunane.

Kommunen opplever stadig hyppigare ras og flaum med skader på kommunal infrastruktur. Dette har medført ulemper for innbyggjarar og næringsliv i tillegg til store kostnader for kommunen. Det er grunn til å tru at slike hendingar vil kome oftare i framtida. Langvarig stengte vegar, brot på straumtilføring og telefoni, og bortfall av anna kritisk infrastruktur kan truge tilgangen på mat, vatn, varme, tryggleik og andre behov som er grunnleggjande for kommunen og befolkninga. Dette blir viktige tema i planprosessen.

Det er store utfordringar knytt til E16, som i dag er så utsett for rasfare, og har så høg ulykkesfrekvens, at det utgjer eit samfunnsproblem. Dette, saman med eit vegnett i svært varierande stand, gjer at samferdsle vil vere ein av dei største utfordringane for Vaksdal kommune i tida framover. Vaksdal kommune vil arbeide for at regionale og statlege mynde prioriterer ny E16 og Vossabanen, og vil ikkje skape hindringar for framdrifta i desse

prosessane. Samstundes skal kommunen syte for at den er budd på endringar som kjem som følgje av prosjektet. Ny E16 og Vossabanen er ikkje berre viktig for samfunnstryggleiken, men kan verte ein vesentleg vekstfaktor for dei sentrale delane av kommunen, i tillegg til potensiale for auka befolkningssauke og kompetanse. Det er difor viktig at kommunen er førebudd på endringane som kan verte ein følgje av bygging av ny E16. Lokalt er gode og trygge gang- og sykkelvegar viktige tiltak for transport, trafikktryggleik og folkehelse.

Sentrale tema i det vidare arbeidet med samfunnsdelen:

- Førebygging og beredskap
- Naturskade og ekstremnedbør
- Fråfall av kritisk infrastruktur.
- Førebu kommunen på K5

2.7. Overordna arealstrategi


Ein langsigting arealstrategi, utarbeida enten som ein del av planstrategien eller som ein del av kommuneplanens samfunnsdel, kan vere viktig som grunnlag for arbeidet med kommuneplanens arealdel. I Nasjonale forventningar frå 2019 kom det eit tydeleg signal på at arealstrategien bør inngå i samfunnsdelen som eit bindeledd mellom samfunnsdel og arealdel.

Samfunnsmåla har svært ofte arealkonsekvensar, og om kommuneplanens arealdel ikkje skal rullerast i samanheng eller i kjølvatnet av utarbeiding av samfunnsdelen, er dette eit godt verktøy til å følgja opp måla gjennom arealbruken. Vaksdal kommune vil vurdere å rullere kommuneplanens arealdel i neste kommunestyreperiode. Utarbeiding av arealstrategiar vil skje som en oppfølging av kommuneplanens samfunnsdel, som ei bru til kommuneplanens arealdel og anna arealplanlegging og -sakshandsaming. Måla i samfunnsdelen vil vidareførast inn i arbeidet med arealdelen for å sikra samanheng og ein raud tråd i planlegginga

Prosess og framdrift

Planprosessen for samfunnsdelen er i praksis delt i tre fasar:

1. Ein innleiande fase med utvikling av kunnskapsgrunnlag og planprogram. Innspel om viktige utviklingstrekk og utfordringar kan gis under høyring av planprogrammet.
2. En utviklingsfase der kommunestyret diskuterer seg fram til forslag til ny samfunnsdel som kan leggjast ut til offentleg debatt og høyring. Dette arbeidet er ein viktig del av den rollen kommunestyret er tildelt som planmyndighet etter plan- og bygningsloven.
3. Ein fase med høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny samfunnsdel. Kommunen vil legge til rette for debatt og moglegheit for å komme med merknader til planen.




Samskaping politikk og administrasjon

Samskaping definerast som når «tilsette, politikarar, næringsliv og innbyggjarar utviklar og gjennomfører nye løysingar saman». I ein strategisk plankontekst vil dette naturlig handle om både planutvikling og iverksetting av planer.

Med samskapande fase politikk og administrasjon vert det her meint ein tidleg fase i strategiske planprosessar der politikken legg føringar og diskuterer seg fram til foreløpig hovudinhald i planen som grunnlag for vidare prosess. Arbeidet med samfunnsdelen bør gje dei folkevalde ein arena der dei kan utøve samfunnsutviklarrolla, og der politikken er premissgjevande for visjonen, måla og satsingsområda som vert prioritert. Det leggjast derfor opp til politiske verkstader med tverrpolitiske diskusjonar.

Eit viktig prinsipp ved bruk av denne type arenaer er at det er to eller fleire verkstad etter kvarandre der det er ein sløyfe mellom den planfaglege behandlinga av dei politiske innspela frå eit verkstad og framlegg i nytt verkstad. Kommunestyret i Vaksdal ønskjer å gjennomføre medverknad før dei politiske verkstadene for å ta innspel frå befolkninga med i betrakting når dei skal ta stilling til kommunens framtidige strategiske val.




Figur: 3-1: Skjematisk framstilling av interaksjonen mellom politikk og administrasjon når politiske verkstad brukast som metode i tidleg fase av prosessen med samfunnsdelen. Kjelde: Asplan Viak AS

3. Medverknad og kommunikasjon

Samfunnssdelen skal gi retning for kommunesamfunnet, det er viktig å vere klar over at den ikkje skal utvikle tiltak. Det er ei utfordring å leggja til rette for medverknad på eit overordna nivå. For å gjere det enklare for innbyggjarane å komme med innspel og vere aktive i debatten omkring korleis kommunen skal utvikle seg, er det viktig å utarbeide nokre rammar for medverknaden.

I tillegg til høyring av planprogram og utkast til kommuneplanens samfunnssdel, leggjast det opp til medverknad for befolkninga. For å kunne møte «folk flest» er det ønskjeleg å gjennomføra POP- UP i bygdene der representantar frå administrasjonen og politisk styre vil møte befolkninga. Bygdene Eksingedalen, Eidslandet, Dale, Stamnes, Vaksdal, Stanghelle og Bergsdalen vil besøkast i veke 2 i 2022. Det skal tas særleg omsyn til born og unge i planlegginga, og Vaksdal kommune vil gjennomføra framtidsverkstad på ungdomskular i kommunen. Her vil ein få viktige innspel til kva dei meiner kommunen skal satsa på i framtida.

For leggja til rette for ein enklast mogleg måte for befolkninga å komme med innspel, vil det etablerast ein innspelsportal på Vaksdal kommunes heimesider. Det er også planlagd arbeidsverkstader for Råd og utval. Det er behov for møte i Regionalt planforum i høyringsperioden til planprogrammet for å få viktige innspel frå regionale høyringsinstansar og interesser.



Figur 4-1: *Framdrift medverknadsprosess*